
Innst. O. nr. 52.

(1984–85)

**Innstilling frå justiskomiteen om privat lovfram-
legg frå stortingsrepresentantane Helen Bøsterud,
Ragna Berget Jørgensen og Åge Hovengen om
endring av straffelova § 211.**

INNHALD

		Side			Side
1.	Innleiing	3	3.4	Fremstillinger av kunstnerisk, vitenskapelig eller opplysningsmessig verdi	22
2.	Straffereglane mot pornografi	4	3.5	Rettslige synspunkter. Håndhevelse av en straffebestemmelse mot pornografi. Straffeutmåling	24
2.1	Rettsutviklinga	4	3.6	Forholdet til Grunnlovens § 100 (trykkefriheten)	26
2.2	Supplerande lovreglar	6	3.7	Sammenfatning	27
2.3	Internasjonale avtaler	6	3.8	Lovutkast	27
2.4	Gjeldande rett. Straffelova § 211	6	3.9	Merknader til lovutkastet	27
2.4.1	Handlingstyper som er omfatta av § 211	6			
	§ 211 a	6			
	§ 211 b	7			
	§ 211 c	7			
2.4.2	Utuktighetsomgrepet i § 211	7	4.	Merknader fra Høyres medlemmer i komiteen	29
	a) Førearbeide i § 211	7			
	b) Nyare strafferettsleg teori	8			
	c) Rettspraksis	9			
2.4.3	Straffeutmålinga	11	5.	Merknader frå Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet sine medlemmer i komiteen	30
3.	Merknader fra Arbeiderpartiets medlemmer i komiteen	12	5.1	Innleiing	30
3.1	Innledning	12	5.2	Drøftingar i Stortinget m.v.	30
3.2	Behovet for en lovrevisjon	12	5.3	Behovet for skjerping av § 211	31
3.3	Hvilke hensyn motiverer straff for utbredelse av pornografiske fremstillinger	13	5.4	Krenking av moral og sedelegheit	32
3.3.1	Generelt	13	5.5	Krenking av menneskeverd og kjønnsdiskriminering	33
3.3.2	Krenkelse av moral og sedelighetsfølelse	14	5.6	Haldningsskapande verknad	33
3.3.3	Krenkelse av menneskeverdet og kjønnsdiskriminering	16	5.7	Innstillinga frå Straffelovrådet om pornografi og straff	34
3.3.4	Andre mulige skadevirkninger	19	5.8	Lovframlegg	35
	a) Økt seksualkriminalitet	19	5.9	Spesielle merknader til lovframlegget	35
	b) Psykiske skadevirkninger	20	5.10	Særmerknad frå komiteen sin medlem Sønstebø	36
	c) Forandringer i formen for kjønnsdriftens tilfredsstillelse	20	6.	Framlegg frå mindretal	36
	d) Langsiktige, holdningsskapende virkninger	20		Framlegg frå komiteen sine medlemmer Apenes, Austad og Borge	36
	e) Pornografiens virkning på barn og unge	21		Framlegg frå komiteen sine medlemmer S. Helland og Sønstebø	36
3.3.5	Sammenfatning. Beviskravet til skadevirkninger	22		Utkast til lovvedtak	37

Innst. O. nr. 52.

(1984-85)

Innstilling frå justiskomiteen om privat lovframlegg frå stortingsrepresentantane Helen Bøsterud, Ragna Berget Jørgensen og Åge Hovengen om endring av straffelova § 211.

Til Odelstinget.

1. INNLEIING

Stortingsrepresentantane Helen Bøsterud, Ragna Berget Jørgensen og Åge Hovengen har sett fram følgjande framlegg til endring i Almindelig borgerlig Straffelov av 21. mai 1902 nr. 10 (straffelova):

§ 211 pkt. b skal lyda:

«Med fengsel inntil 2 år straffes den som utgir, fallholder, utstiller eller på annen måte søker å utbre skrifter, bilder og desslike som inneholder barne-, volds-, dyre-, og sadistisk pornografi eller som inneholder andre kjønnslige skildringer som virker grovt støtende eller grovt nedverdiggende på folk flest. Dette gjelder også for den som medvirker hertil.»

I grunngevinga frå dei som har sett fram framlegget, heiter det m.a.:

«Den aktuelle fokusering på pornografien viser at grenser har forflyttet seg, ikke i positiv frigjørende forstand, men mot stadig verre utnyttelse av mennesker og med kraftig uttrykk for menneskeforakt. Mediaeksplosjonen gjør at det ikke lenger bare er henvist til bøker og blader, men i stadig økende grad også til videofilmer. Grovt anstøtelig pornografi, framstilt bare med kommersielle mål for øyet, har fått et voldsomt oppsving de siste 5-10 år. Skremmende er det at denne pornografien i stadig stigende omfang er blitt underholdning for barn og unge.

Gjeldende lovparagraf er svært gammel, og tar ikke hensyn til den samfunnsutvikling som har skjedd siden loven ble laget. Den fanger ikke opp virkningene av mediaeksplosjonen, og tar ikke hensyn til at vi bl.a. har fått en likestillingslov for noen år siden.»

Lovframlegget blei referert i Odelstinget den 24. januar 1984 og vedtatt send justiskomiteen.

I brev av 2. februar 1984 ba justiskomiteen om ei uttale frå Justisdepartementet før komiteen tok stilling til korleis lovframlegget vidare skulle handsamast. I sitt svarbrev av 22. februar 1984 sa departementet seg samd i grunntanken bak lovframlegget, men departementet meinte at spørsmålet burde utgreiast nærare. Justisdepartementet opplyste at departementet hadde funne grunn til å gi Straffelovrådet i oppdrag å utgreie spørsmålet om endra lovgjeving mot pornografi, og departementet foreslo derfor at lovframlegget blei oversend Straffelovrådet til handsaming i samband med den utgreiing departementet hadde bede om. I eit nytt brev av 15. mars 1984 frå komiteen til Justisdepartementet ba komiteen om ei juridisk uttale om det forslag som låg til handsaming i komiteen. I svarbrev av 29. mars 1984 seier departementet at den nærare utforming av nye reglar mot pornografi reiser så mange problem at departementet ikkje har funne å kunne gjera framlegg om ein ny lovtekst utan ei nærare utgreiing. På bakgrunn av dette fann ikkje departementet at det for tida var grunnlag for å gi ei juridisk utgreiing om det private lovframlegget som er framsett.

I samband med handsaminga av lovframlegget har justiskomiteen hatt møter med følgjande organisasjonar og einskildpersonar:

- Fellesaksjonen mot pornografi og prostitusjon
- Den Norske Advokatforening
- Narvesen A/S

- Professor Johs. Andenæs
- Dr.med. Berthold Grünfeld

Den 7. juni 1984 sende komiteen v/saksordføreren ut eit brev til ei rekkje organisasjonar, der han ba om merkander til lovframlegget. Komiteen har mottatt uttaler frå følgjande:

- Kvinnefronten
- Barneombudet
- Fellesaksjonen mot pornografi og prostitusjon
- Den Norske Forleggerforening
- Norsk Videogramforening
- Den Norske Dommerforening
- Norsk Presseforbund
- Norsk Katolsk Legmannsråd
- Mannfolk Mot Porno
- Den Norske Advokatforening

Av høringsinstansane går Barneombudet, Fellesaksjonen mot pornografi og prostitusjon, Kvinnefronten, Norsk Katolsk Legmannsråd, Norsk Videogramforening og Mannfolk Mot Porno inn for ei endring av straffelova § 211, men det er noko ulike syn på korleis paragrafen bør utformast. Den Norske Dommerforening peiker på at forslaget ikkje vil føre til lettare handheving av regelen. Den Norske Advokatforening og Den Norske Forleggerforening går inn for å halde på nåverande lovparagraf. Norsk Presseforbund vil ikkje motsette seg at § 211 b blir endra slik at regelen gir betre vegleiing når det gjeld «barne-, volds-, dyre- og sadistisk pornografi», men rår til at det meir skjønsprega kriteriet «andre kjønnslege skildringer» blir tatt ut av lovteksta.

I tillegg har komiteen mottatt ei rad uttaler frå kommunar, organisasjonar og einskildpersonar som tar til orde for strengare lovreglar mot grove pornografiske og/eller valdlege skildringar.

Den 12. mars 1985 avga Straffelovrådet si innstilling til Justisdepartementet om pornografi og straff. I eit brev til komiteen av 18. mars 1985 gjer justisminister Mona Røkke kort greie for sitt syn på framlegga frå Straffelovrådet.

Komiteen har delt seg i denne saka både når det gjeld synet på handsamingsmåten i Stortinget og når det gjeld det materielle innhaldet i straffelova § 211. Høgre sine medlemmer i komiteen meiner ein bør vente på ein proposisjon frå Regjeringa på grunnlag av Straffelovrådet si utgreiing av 12. mars 1985, og gjer framlegg i samsvar med dette, sjå avsnitt 4. Arbeiderpartiet sine medlemmer gjer framlegg til vedtak av ny § 211, sjå avsnitt

3.6. Kristeleg Folkeparti sin medlem og Senterpartiet sin medlem i komiteen set fram eit eige lovframlegg, sjå avsnitt 5.8, men det går fram av særmerknadene frå Kristeleg Folkeparti sin medlem at dei andre medlemene av Kristeleg Folkeparti si stortingsgruppe vil gå inn for lovframlegget frå Arbeiderpartiet, sjå avsnitt 5.10.

Da det ikkje er fleirtal i komiteen for noko framlegg, blir det forma ut tilråding i samsvar med den største fraksjonen sitt framlegg.

2. STRAFFEREGLANE MOT PORNOGRAFI

2.1. Rettsutviklinga

Forordninga med trykkefridom av 27. september 1799 foreskreiv straff i fengsel på vatn og brød for den som ga ut «Noget trykt Skrift hvorved Sædelighet og Bluferdighet krænkes».

Kriminalloven av 1842 hadde ein tilsvarende regel som var plassert i lova sitt kapittel «Om Forbrytelse mod Religionen» (kap. 8 § 3).

Ved lovendring i 1889 fekk strafferegelen mot pornografi følgjande ordlyd:

«Hvo, som i trykt Skrift, eller ved Forestilling, Forevisning, Udstilling, Oplæsning eller Foredrag, der foregaar offentlig, krænker Sædeligheden, straffes med Bøder, Fængsel eller Strafarbeid i 5. Grad.»

Grunngjeving for lovendringa var ynskjet om ein klar heimel for straff i tilfelle av andre offentlege krenkingar av seditiositeten enn dei som skjedde i trykt skrift. Ordet «Bluferdigheten» blei sløyfa fordi dette uttrykk ikkje blei rekna for å ha nokon sjølvstendig betydning ved sida av ordet «Sædeligheten».

Det er få refererte rettssaker om dei nemnde straffereglar.

I 1889 blei kriminallovens kap. 8 § 3 brukt på eit skrift kalla «Organ for den frie Kjærlighed», som inneheldt ein artikkel med detaljerte skildringar av seksuelle utskeielsar. Rt. 1886 side 703 beskriv saka mot Hans Jæger si bok «Fra Christianiabohemen» som Justisdepartementet kort etter utgjevinga kravde beslaglagt. Hans Jæger blei sett under tiltale for Christiania byrett for brot mot kriminallovens kap. 8 § 1 (gudsbespottelse) og § 3. Byretten, som rekna det godtgjort at boka på ei rekke stader var av usedeleg natur, dømde tiltalte til straff i fengsel i 80 dagar og til å tåle konfiskasjon av dei utselde eksemplar av boka. Domfelde anka saka inn

for Høyesterett som stadfesta dommen i underretten, slik at straffa blei sett ned til 60 dager arrest.

Nemnast kan også saka frå 1886 mot målaeren og forfattaren Christian Krohg si bok «Albertine» som m.a. omhandla prostitusjonen i det daverande Christiania. Krohg blei sett under tiltale og dømd for brot på kriminalloven kap. 8 § 3. Høyesterett stadfesta delvis byretten sin dom. Saka enda med at boka blei konfiskert og forfattaren ilagt ei bot på kr. 100.

I Straffeloven av 1902 blei hovedregelen i lova mot pornografi - § 211 - gjeve slik ordlyd:

«Med Bøder eller med Fængsel indtil 1 år straffes den, som holder offentligt Foredrag eller istandbringer offentlig Forestilling eller Udstilling av utugtigt Indhold, eller som medvirker til, at saadanne Foredrag, Forestillinger eller Udstillinger finner sted.

Paa samme Maade straffes den som bevirker eller medvirker til, at utugtige Skrifter, Billeder eller deslige offentlig falholdes, udstilles eller paa anden Maade søges udbredte blandt Almenheden.

Forøver nogen i sin Næring i Løbet af 2 Aar tvende Gange saadan Forbrydelse som oven nævnt, kan Retten til at fortsætte Næringen frakjendes ham.»

Regelen blei på same tid tatt ut av kapitlet «Om forbrytelser mot hensyn til religionen» og plassera i eit kapittel om «Forbrytelser mot Sædeligheden» (kap. 19).

Når ein i lovteksten tok bort uttrykket «Krænkelser av Sædeligheden» og gjekk over til nemninga «utuktig», var det fordi denne nemninga var meir presis. Ordet «Sædeligheden» blei nytta både i ei vidare tyding som refererande til allmenn moral og i ei snevrare tyding til kjønnslege tilhøve. Det var bare dei kjønnslege tilhøve som § 211 tok sikte på å ramme (jfr. Utkast til straffelov, mai 1896 s. 191). Om ordet «utuktig» seier kommisjonsinnstillinga m.a.:

«Ligesom Samleie mellem Mand og Hustru, skjønt i seg selv et Forhold i Tugt og Ærbarhed, dog foretaget paa aaben Gade for alles Blikke er en «utuktig» Handling saaledes vil ogsaa Skildringer af Forhold, som vedkommer Avlingsprocessen med Rette ansees for utugtige, naar de gives en Udredelse, der ikke retfærdiggjøres af noget legitimt Øiemed, eller der dvæles ved Enkelthederne med et for dette Øiemed unødigt bredt behag, og det saaledes viser sig, at disse intime Anliggender stilles frem til offentligt Skue for

Skuets egen Skyld, hvad enten Drivfjæderen dertil nu igjen maatte være Videsyge eller Kjærlighed til det Slibrige.»

Lovgjevarane innsåg at grensedraginga kunne by på vanskar og i høg grad var «en skjønnssak, hvorom sjelden full enighet vil oppnås». Som eksempel på legitime føremål for slike publikasjonar nemner dei legevit-skapelege verk, rettsmedisinske handbøker og juridiske domssamlingar (Ot.prp. l.c.s. 193).

I Kjerschows kommentar til straffelova av 1902 heiter det:

«Utugtig er et foredrags innhold eller et skrift m.v. når det er egnet til å krenke det normalt følende menneskes sedelighets-erkjennelse i kjønnslig henseende. Det er ikke nødvendig at det nettopp vekker kjønns-lige fornemmelser, dets virkning kan også være motvilje og avsky.»

Den prinsipielle betraktning bak utforminga av § 211 var at ei kvar skildring av kjønnslivet utan nokon legitim grunn, var ei «utuktig» handling og såleis eit «Angrep paa den Sædelige Samfunnsorden eller enkelte av Grunnstene» (utkast l.c.s. 192).

I 1927 blei straffa for forsettleg brot på § 211 skjerpa til 2 års fengsel. Uaktsomt brot og unnlating av å hindre brot, blei også gjort straffbar med bøter eller fengsel i inntil 6 månader. Elles blei eit nytt punkt c. føya til første leden der det straffbare i å overlate utuktige skrifter til personar under 18 år blei særskilt fremheva. Straffelovskomiteen var av den oppfatning at auken i sedelegheitskriminaliteten delvis kunne forklarast utfrå spreinga av utuktige skrifter og bilder (Innst. I frå Straffelovskomiteen 1922 s. 8). Dei strengare sanksjonar var derfor ein del av kampen mot sedelegheitslovbrot.

I 1953 blei § 211 tredje leden om automatisk tap av rett til næring, oppheva. Regelen blei erstatta med den alminnelege regelen om rettighetstap i straffelova § 29.

I 1973 blei påtalereglane for brot på pornografiparagrafen endra ved å føye til «påtale finner bare sted når allmenne hensyn krever det», jfr. § 211 fjerde leden. Grunngevinga var at ei rettssak vil kunne føre til «reklame» for det pornografiske materialet og dermed til ytterlegare spreiking av dette. Det var derfor påkravd med eit særleg påtalevilkår som harmonera med dei allmenne interesser som § 211 var sett til å verne.

§ 211 har ikkje seinare blitt endra.

2.2. Supplerande lovreglar

Einskilde reglar i straffelova kan supplere eller delvis erstatte § 211.

Etter straffelova § 212 er straffa bøter eller fengsel inntil 1 år

«den som ved utuktig adferd i handling eller ord krenker ærbarhet eller medvirker hertil, så fremt krenkelsen er skjedd offentlig, i overvær av eller overfor noen som deri ikke har samtykket, eller i overvær av eller overfor barn under 16 år.»

Regelen vil kunne brukast i tilfelle som ikkje blir ramma av § 211, t.eks. på uoppfordra framvising eller tilsending av utuktige skrifter eller bilder (Innst. fra Straffelovrådet 24. juni 1967, s. 6).

Vidare kan nemnast straffelova § 376 under kapittel 38: «Forseelser mot sedeleghet», som rettar seg mot mindre grove krenkingar av sedelegheten enn dei som blir ramma av § 211. Handlinga treng ikkje være utuktig for å bli ramma av § 376. Regelen kan brukast på forestillingar, på utstillingar av maleri, raderinger og foto og på annonser som krenkar folk sin anstendighetsfølelse, jf. Århelle, Pornografiens vilkår i Norge, en undersøkelse av domstolspraksis (Oslo 1981), s. 12.

I 1982 vedtok Stortinget ein ny § 382 i straffelova retta mot grove valdsskildringar i film, videogram eller på fjernsyn. § 382 lyder:

«Med bøter eller med fengsel inntil 6 måneder eller med begge deler, straffes den som i ervervsvirksomhet utgir eller frembyr til salg eller leie film eller videogram der det i underholdningsøyemed er gjort utilbørlig bruk av grove valdsskildringer.

Det samme gjelder den som gjør slik bruk av grove valdsskildringer i fjernsynssending i formidling av slik sending her i Riket. Straffansvaret omfatter likevel ikke den som bare har deltatt i den tekniske virksomhet i tilknytning til sendingen eller formidlingen.

Medvirkning straffes på samme måte. Uaktsomhet straffes likt med forsett.

Paragrafen gjelder ikke for film eller videogram som Statens Filmkontroll har godkjent til offentlig framvisning.

Påtale finner bare sted når allmenne hensyn krever det.»

Regelen er ikkje spesielt retta mot valdspornografi. Men den vil etter sin ordlyd ramme ein del av den valds- og sadistiske pornografi som i dag er å finne på videomarknaden.

§ 382 omfattar bare videogram, film og fjernsyn og ikkje grove valdsskildringar i skrift, einskildbilder og tegneseriar.

2.3. Internasjonale avtaler

Den 4. mai 1910 blei det i Paris inngått ein internasjonal avtale retta mot offentliggjeving av utuktige skrifter. Avtala blei ratifisert av Norge ved kgl. res. av 20. oktober 1911.

Den 12. september 1923 blei det i Genève avslutta ei folkeforbundsavtale om forbod mot spreing og handel med utuktige publikasjonar. Norge godtok avtala ved kgl. res. av 25. april 1929. I samsvar med FN-protokoll av 12. november 1947 er folkeforbundets funksjonar i samsvar med den ovannemnde avtala av 1923, overtatt av FN.

Det er å nemne at dei fleste nye statar i Asia og Afrika har godtatt dei nemnde internasjonale avtaler om bekjemping av pornografi.

Den lovgiving som er rekna for påkravd til å oppfylle avtalene, inneheld straffelova § 211 første leden.

2.4. Gjeldande rett. Straffelova § 211

Fastlegging av det straffbare område etter § 211 reiser to prinsipielt forskjellige hovudspørsmål. Det første hovudspørsmålet er å fastlegge dei typer handlingar som blir ramma av § 211. Det andre hovudspørsmålet vedkjem klarlegging av uttrykket «utuktig» i § 211.

Den fastlegging av gjeldande rett med omsyn til desse spørsmål, må skje på grunnlag av ei analyse av nyare rettspraksis. Det er imidlertid klart at også påtalemakta sin praksis er av verdi for fastlegging av det straffbare området og derfor må vera med i omtala av den gjeldande rettsstoda.

§ 211 har vore grundig handsama av Århelle l.c.s., i innstilling fra Straffelovrådet om forandringar i straffereglane om pornografi m.v. av 24. juni 1957 og - for utuktighetsbegrepet sitt vedkomande - av Justisdepartementet si lovavdeling i Strafferettsleg vurdering av utuktighetsbegrepet i straffelova § 211 (udatert, men visstnok avgjevne i 1983). Det er derfor ikkje naudsynt å gå inn på alle tolkingsproblema som § 211 reiser. Her bare fylgjande merknader om gjeldande rett.

2.4.1. Handlingstyper som er omfatta av § 211

Dei handlingar som er omfatta av § 211 første leden, er omtala i lovregelen punkt a, b og c.

§ 211 a:

Etter dette punkt er det straffbart å arrangere offentlege forestillingar, foredrag eller utstilling av utuktig innhald. Denne ord-

lyd rammar nær sagt alle former for arrangement: kinoforestillingar, teaterforestillingar, striptease, liveshow og filmar t.eks. i sexklubbbar, utstillingar her medrekna vindusutstillingar, både i forretningar og kioskar, skilt, plakatar og posters, jfr. Århelle l.c.s. 12. Etter rettspraksis reknast sexklubbbar som viser film, som ein offentleg stad dersom einkvar kan teikne medlemskap mot å betale kontingent, jfr. Rt. 1977, s. 749.

Det er den eller dei personar som er ansvarlege for forestillinga, foredraget, utstillinga m.v. som blir straffa. Det er soleis innehavaren av ein sexklubb som ein straffar for framvising av pornofilmar i klubben, ikkje den personen som ved eit tilfelle kjører filmen. Aktørane i striptease eller liveshow har til nå ikkje blitt tiltalt, sjølv om det er høve til det etter paragrafen sin ordlyd, jfr. Århelle l.c.s. 13.

§ 211 b:

Dette punktet rammar spreieing, herunder utgjeving, utstilling og frambying av utuktige framstillingar i blad, bøker, billedmagasiner, colourslides m.v. Regelen er så brei i si formulering at den omfattar dei fleste former for mangfoldiggjering, herunder spreieing av filmar, video, maleri, emblem m.v., jfr. Århelle l.c.s. 13 og Kjerschow l.c.s. 533.

Regelen sitt uttrykk «å utbre» synes å innehalda eit krav om at dei omhandla skrifter, bilder m.v. er komne ein større krins i hende. Å overlate skrifter, bilder m.v. som har ein fortroleg og privat karakter t.eks. å gi til familiemedlemmer, blir ikkje ramma av § 211 b.

Om det ligg føre spreieing må bero på ei samla vurdering. Det må leggjast vekt på storleiken av mottakarkrinsen og på om denne har ein særleg tilknytnad til overdragaren eller om det er tale om eit alminneleg kundetilhøve. Ervervsmessig forevising eller utleige av filmar til personalfestar, losjesamankomster, sportsforeningar etc., kan reknast som spreieing sjølv om samankomsten har ein privat karakter. Også talet på overdragningar må vere av betydning; det vil letare ligge føre spreieing dersom t.eks. filmar er gitt til eit visst antal einskildpersonar, enn om dei same filmane samla er stilt til rådvelde for ei privat gruppe på det same antal personar.

Rettspraksis visar at dei fleste saker etter § 211 vedkjem tiltale etter punkt b. Det har i første rekke vore pornoforhandlarar som er blitt tiltalte for å spreie utuktige skrifter, bilder og liknande frå forretningar, ved postordresal eller gjennom annonsering, jfr. t.eks. Rt. 1954:1130 og Rt. 1977:266. Også re-

daktørar, forfattarar og forleggjarar har vore tiltalte etter punkt b, jfr. Rt. 1958:479 og Rt. 1967:1502. I Rt. 1959:431 blei import og sal av ei utuktig bok («Sexus») rekna omfatta av § 211 b.

Såleis er punkt b den sentrale leden i § 211.

§ 211 c:

Punkt c er ein utvida verneregel for barn og unge. Medan straff etter punkt b krev ei handling som består i å spreie utuktige skrifter, bilder m.v., straffar punkt c berre det å overlata utuktige skrifter m.v. til ein einskild person under 18 år. Straffelovkomiteen fann det viktig å slå fast at overlating av slike skrifter, bilder m.v. til mindreårige måtte reknast som særleg klanderverdig, jfr. Innst. I, 1922 s. 8.

§ 211 c ser ut for å ha vore bruka bare i ein enkelt dom, avsagt av Oslo byrett 1970. Tiltalte blei her frifunne fordi det ikkje blei rekna som bevist at han hadde gitt den mindreårige dei pornografiske blada. Han hevda at den mindreårige hadde funne blada i eit skåp med glassdører.

Det skal nemnast at også den som medverkar til ei handling som reknast som brot på straffebodet i § 211, som forleggjarar, trykkeripersonell, aktørar i pornofilm og redaktørar som godtek annonser for pornografiske blad og filmar, kan straffast etter same strafferamme som hovudgjerningsmannen. Påtalemakta har vore tilbakehaldande med å reise tiltale for medverknad til brot på § 211, jfr. Århelle l.c.s. 15.

2.4.2. Utuktighetsomgrepet i § 211

Det andre hovudspørsmålet som knyter seg til § 211 er å fastlegge innhaldet av omgrepet «utuktig», som står sentralt i gjerningsbeskrivinga.

Ved å bruke dette uttrykket i § 211 har lovgjevarane bevisst gjeve regelen karakter av ein rettsleg standard. Det vil seie at det er unnlatt ei presis avgrensing av det straffbare området og overlate til domstolane å fastlegge regelen sitt nærare innhald idet ein tar omsyn til den alminnelege oppfatning i samfunnet. Den juridiske vurderinga av kva som er utuktig ligg med andre ord ikkje fast, men vil fylgje den til ei kvar tid rådande haldninga til pornografi, jf. Rt. 1958:479 og Rt. 1977:266.

a) Førearbeidet til § 211

Føremålet med § 211 var etter forarbeidet å ramme kjønnslege skildringar som var eigna til å krenke «sedelighetsfølelsen». Andre føremål enn omsynet til sedeligheten

er ikkje nemnd i det lovarbeidet som ligg føre.

Ved utforming av straffelova i 1902 var meininga at «enhver skildring av kjønnslivet» som ikkje «rettferdiggjøres av noe legitimt øyemed», var utuktig. Legitim grunn var etter førearbeida legevitenskaplege verk og juridiske domssamlingar. Kunstnariske omsyn nemnast ikkje i førearbeida.

Seinare har den alminnelege oppfatning i samfunnet om kva som er utuktig, endra seg ein del. Det herskar i dag ein langt større fridom og toleranse overfor omtale av seksuelle tilhøve enn ved århundreskiftet. Dei opprinnelege uttaler i førearbeida og eldre dommar som har straffa for pornografi, har derfor ikkje større vegleiande verdi for beskriving av gjeldande rett.

Derimot vil sjølve lovformålet, omsynet til den alminnelege sedelegghetskjenning, stadig vere utslagsgjevande ved den juridiske vurderinga av om skrifter, bilder etc. er utuktige etter § 211.

b) *Nyare strafferettsleg teori*

I den juridiske teorien har Århelle l.c. gjort greie for den seinare rettsutvikling. Ved gjennomgang av rettspraksis for perioden 1953-1978 påvisast at det sjølv innafor denne relativt korte tidsperiode, er skjedd ei stadig liberalisering i samfunnet med omsyn til vurderinga av seksuelle framstillingar. På grunnlag av dommar frå tida 1976-1978 gir Århelle l.c. utuktighetsbegrepet fylgjande - kasuistiske - innhald:

«Utuktsbegrepet omfatter:

1.

Fremstilling av samleier, gruppesamleier både heterofile og homofile, fotografert i nærbilder og med fokusering av kjønnsorganene. Andre typer intime bilder av kjønnsorganer og fremheving av disse. F.eks. nærbilder av både kvinners og menns kjønnsorganer er utuktig hvis fotografert i nærbilde. Dette medfører at bilder av suging og slikking, masturbasjon og sædavgang faller innenfor utuktsbegrepet, der en forutsetning for slike bilders pornografiske effekt nettopp ligger i næropptaket.

2.

Sex og vold. Seksuell omgang med barn og dyr. Omgang med lik er ikke nevnt i denne perioden, men hører utvilsomt med i en slik beskrivelse av hardporno. Det er viktig å slå fast at pornografien ikke behøver å omfatte slike elementer for å rammes av § 211. Dette er spesielt uttalt i flere saker.»

Jfr. Århelle l.c.s. 35.

Århelles framstilling av utuktighetsbegrepet gjelder bare billettelege framstillingar. Slik Århelle framstiller det er det ikkje lenger «noen aktuell problemstilling at kjønnslege beskrivelser i skjønnlitterære verker skulle føre til tiltale», jfr. Århelle l.c.s. 26.

Justisdepartementet si strafferettslege vurdering av utuktighetsbegrepet (i det fylgjande omtala som departementet si utgreiing) slår likeeins fast at seksuell omgang med lik og dyr er straffbart etter gjeldande rett. Seksuelle relasjonar av denne art vil for langt dei fleste framstå som ei klart usedeleg og dermed utuktig framferd. Det same gjeld framstillingar av seksuell omgang mellom barn, mellom vaksne og barn og seksuelt utfordrande framvising av barn sine kjønnsorgan. Det blir dermed forutsett at den gjeldande framstilling sitt seksuelle tilsnitt er framtreidande nok til at det naturleg kan bli tale om pornografi, jfr. departementutgreiinga l.c.s. 30 ff.

Materialet som viser seksuelle aktivitetar med innslag av grovare vald eller brutalitet, f.eks. valdtekt, partering og fortæring av lekamsdelar utvilsamt er utuktige etter gjeldande rett, jfr. departementutgreiinga l.c.s. 32. Men også framstillingar der det valdelege elementet er mindre framtreidande men der aktørane er kledde eller for øvrig utstyrt med reidskaper som leder tanken inn på vald, kan rammast av utuktighetsstandarden. Det gjeld sadistiske og masochistiske framstillingar som typisk finst i grenselandet mellom valdeleg utukt og utukt som blir ramma av lova fordi den har markerte perverse tendensar.

Framstillinga av seksuelle aktivitetar som departementet reknar som «naturlege», jfr. departementsutgreiing l.c.s. 34, så som bruk av raffinert undertøy, lær- og gummiklær, oralsex og masturbasjon, vil som utgangspunkt ikkje bli ramma som utuktige. Ordinære samleiescener eller nakenfotografier der kjønnsorganene er synlege, reknast heller ikkje som straffbare i våre dagar. Det same gjeld dei såkalla pinup-bileta som normalt ikkje viser samleieaktivitetar, jfr. departementutgreiing l.c.s. 37.

Utanfor naturleg seksuell aktivitet fell framstillingar av gruppesamleier og bruk av forskjellige typer av instrument som stimulans. Men det lar seg etter departementet «ikke gjøre å gi noen entydig konklusjon om hvor straffbarhetsgrensen går, etter som en helhetsvurdering av materialet vil være avgjørende for den konkrete bedømmelse», jfr. departementutgreiing l.c.s. 35.

Når det gjeld materialet med kunstnerisk kvalitet finn departementet at dette står i

ein meir verna posisjon i høve til § 211 enn framstillingar som «totalt savner kunstnerisk verdi», jfr. departementutgreiing l.c.s. 47. Det blir peika på at påtalemakta heller ikkje har reist tiltale i slike saker sidan saka mot Jens Bjørneboe si bok «Uten en tråd» i 1967.

I motsetnad til Århelle finn departementet det imidlertid ikkje utelukka at litterære verk og skriftleg opplysningsmateriale vil kunne bli ramma av § 211 etter ei konkret vurdering av materialet sitt innhald og formål, jfr. departementutgreiing l.c.s. 48.

Endeleg streker departementet under at utuktighetsbegrepet sitt kjerneområde etter gjeldande rett, bare omfattar omsynet til se-delegheten. Ved tolkinga av § 211 er det etter gjeldande rett neppe grunnlag for

«å legge vekt på om materialet kan virke kjønnsdiskriminerende for det kjønn som materialet skildrer (typisk kvinneskildringar) ... Dette er et formål som ligger i et noe annet plan enn lovens opprinnelige formål, som var å ramme de usedelige, kjønnslege skildringer. Det må derfor som utgangspunkt antas at det må kreves en lovendring som uttrykkelig klargjør i lovtekst eller forarbeider om kjønnsdiskriminerende materiale skal rammes.»

Jfr. departementutgreiing l.c.s. 21-23.

Det kan etter gjeldande rett heller ikkje vere relevant å legge vekt på hypoteser om at grovare kjønnslege skildringar kan forebygge seksuelle brotsverk eller at slikt materiale kan tilfredsstille kjønnsleg begjær. Hypoteser om pornografien sin skadelege verknad vil stå i same stilling, jfr. departementutgreiing l.c.s. 25.

Departementet vil derimot ikkje utelukke at domstolane ved tolking av § 211 legg ei viss vekt på om personar framstillast på ein grov nedverdiggande måte, t.eks. i stillingar som viser total underkastning for andre sine kjønnslege begjær. Men departementet finn at dette omsynet sjeldan vil få sjølvstendig betydning for utfallet av saka fordi ei framstilling vanskeleg kan vere grovt nedverdiggande utan at det er tale om valdsscener eller perversitetar som i seg sjølv fører til at materialet er utuktig.

c) Rettspraksis

Det finst svært få nyare høgsterettsdommar som tar stilling til utuktighetsbegrepet i § 211. Dei dommar som ligg føre er i det vesentlege grunngeve med konkrete heilheitsvurderingar av det framlagde materialet straffbarhetsgrensa går. Som vanleg når ret-

ten tolkar ein rettsleg standard, er den forsiktig med å gi uttrykk for meir enn det som er naudsynt for å ta stilling til det konkrete rettsspørsmålet som er reist.

Lagmannsrettsdommar gir få haldepunkt for ei avgrensing av § 211. Som kjend blir ikkje ein kjennelse i lagmannsretten grunngeve, jfr. straffeprosesslova § 263 andre ledd, og kjennskap til retten si nærare vurdering er sjølv sagt naudsynt dersom ein skal utleide noko generelt om utuktighetsbegrepet.

Den påtalepraksis som Riksadvokaten har utvikla er dessutan lite eigna til å framtinge dommar om kor straffbarhetsgrensa går.

Riksadvokaten si vurdering av om «allmenne hensyn» krev påtale går i grove trekk ut på at det bare kan reisas tiltale når det pornografiske materialet sin utuktige karakter synast ubestrideleg; herunder særleg dersom det inneheld barneporno, dyreporno, grove valdsskildringar eller liknande grov og spekulativ pornografi. Det har på denne måten oppstått ein eigen «terskel» for påtalemakta si praktisering av § 211 som antakeleg ligg noko over den «terskel» som markerar grensa for utuktige framstillingar etter § 211, jfr. departementutgreiing l.c.s. 28. Det betyr at rettsvesenet si stilling til pornografi i praksis er blitt tosidig. Det er ei - uklar - grense for kva som er straffbart (utuktig) slik domstolane tolkar § 211. Og det er ein annan grense for det som politi og påtalamakta faktisk slår ned på.

Sjølv om det ikkje kan gjevast ei eksakt avgrensing av rekkevidda av begrepet «utuktig» etter nyare rettspraksis, er det naudsynt å angi rettslege kriterier som er vesentlege for avgjerda.

Utgangspunktet for vurderinga vil som det går fram vere materialet sin grovleik eller anstøtelegheit utfrå ein alminneleg sedelegheitsvurdering. Herved ser domstolane bort frå dei synsmåtar som er herskande i særleg puritanske krinsar eller i såkalla liberale krinsar, jfr. Rt. 1978:1111.

Avgjerande for vurderinga er i første rekke materialet sitt innhald. Materialet som framstiller pervers seksuell framferd, herunder omgang med dyr, lik og barn, reknast som klart meir anstøteleg enn materialet som framstiller samleie eller andre normale seksuelle handlinger. Men også framstillingar av sedvanlige seksuelle aktivitetar og av kjønnsorgan kan rammast av § 211. I rettspraksis blir det lagt vekt på om kjønnsorgan er framheva på ein særleg utfordrande måte, kor utpensla og nærgåande dei seksuelle handlingene er framstilt (oralsex, nær-

bilder av erigerte kjønnsorganer, sædavgang m.v.) og på om materialet tilstrebar ein særleg effekt gjennom forskjellig overdriving i framstillinga (potens, kjønnsorgana sin storleik, lydeffekter m.v.).

Vidare har materialet si form betyding ved tolkinga av § 211. Det er utvilsomt at det mellom bilder og film på den eine sida og skrifter på den andre sida, er ein prinsipiell forskjell med omsyn til kva domstolane reknar som utuktig. Det stadium i rettsutviklinga der samleieskildringar i bøker åleine på grunn av emnet og ei realistisk handsaming av dette kunne gi høve til påtale, er for lengst passert. Annleis er det som nemnt med bilder og - ikkje minst - med film. Når denne forskjellen i vurderinga har utvikla seg, er vel grunnen til det den oppfatninga at visuelt materiale har ein meir umiddelbar og ein sterkare effekt på tilskodaren.

Dei nemnte momenta går inn i ei heilheitsvurdering av materialet sin grovleik eller anstøtelegheit. Situasjonar som isolert sett ikkje vil vere utuktige, kan oppfattast slik i den heilhetlege samanhengen. Omvendt kan ein isolert anstøteleg skildring falle utanfor det straffbare område dersom den inntar ein beskjeden plass i ei samla framstilling.

Utover materialet sitt innhald og form kan retten i tvilstilfelle tillegge den tendens som ligg bak spreinga vekt. Domstolane har fleire gonger peika på det negative at spreing av det pågjeldande materialet ikkje har hatt noko anna føremål enn å spekulere i pornografi for å oppnå økonomisk vinning.

Til illustrasjon av det framanforståande kan nemnast Rt. 1978:1111:

«I saken var det blant annet reist tiltale mot lederen av klubben «Club Private» for å ha solgt eller forsøkt å selge filmer med utuktig innhold i klubben.»

I vurderingen av filmene sitt innhald uttalte byretten:

«Filmene viser seksuell omgang mellom kvinner og menn i forskjellige stillinger og kjønnsorganene er i de aller fleste tilfeller spesielt fremhevet. Det er filmer som åpenbart vil virke uanstendige og anstøtelige på mange, men retten er likevel kommet til at den ikke vil karakterisere filmene som utuktige i straffelovens forstand. Den legger da vekt på at filmene ikke inneholder noen former for vold eller sadisme og at de heller ikke inneholder scener med barn eller dyr.

De viser seksuelle aktiviteter som dels er helt vanlige og dels vil karakteriseres som normale av folk med en liberal innstilling.»

Påtalemakta påanka frifinninga til Høyesterett. Først voterende i Høyesterett uttalte:

«Allerede den beskrivelse av filmene som er gitt i byrettens dom, viser at de er utuktige i forhold til bestemmelsen i straffelovens § 211, 1. ledd.»

Vidare blei det uttalt at

«Byretten har pekt på at filmene ikke inneholder noen former for vold eller sadisme, og at de heller ikke inneholder scener med barn eller dyr. Jeg er enig med byretten i at det ville ha vært et sterkt argument for domfellelse om slike scener hadde forekommet. Filmene må imidlertid kunne anses utuktige selv om de ikke har slike innslag. Jeg finner det heller ikke avgjørende om filmene, som anført av byretten, bare skulle vise «seksuelle aktiviteter som dels er helt vanlige og delvis karakteriseres som normale av folk med en liberal innstilling». Også en seksuell adferd som i og for seg kan sies å være «normal», kan være gitt en slik filmatisk fremstilling at fremstillingen må anses utuktig.

De momenter som Høyesterett mente var avgjørende for å anse filmene for utuktige var, «tildels meget sterk fremhevelse av kjønnsorganene . . . ved siden av samleier vises slikking av kjønnsorganer, såvel mannlige som kvinnelige, likeledes i nærbilder . . . Det vises nærbilder hvor det dveles ved sædavgang på kvinnens mage eller bakdel eller i nærheten av hennes munn. Det fremstilles situasjoner hvor en kvinne har samleie med en mann samtidig med at hun med munnen tilfredsstiller en annen. Det vises samleie og annen seksuell adferd i overvær av andre personer, dels i restaurantmiljø hvor bl.a. kvinnelig betjening står til tjeneste for flere menn etter tur».

Høyesterett fant deretter at flere av filmene var å anse som utuktige i henhold til straffeloven § 211, 1. ledd a og b.

Den seneste dom om straffelovens § 211 som er kjent for arbeidsutvalget - Stavanger byrettsdom av 17. august 1984 - følger nøyte Høyesteretts lovanvendelse fra Rt. 1978:1111.»

At eit skrift har litterære kvalitetar eller bilder eller ein film kunstnerisk verdi, vil kunne avsvække dei brukte seksualframstillingar sin grovleik. Det framgår av to mykje omtala saker mot litterære arbeider frå slutten av 1950-åra.

Den første av desse, Rt. 1958:479 vedkom Mykles roman «Den røde rubin». Ved Oslo byrett var det skjedd domfelling, men Høyesterett frifant med 12 stemmer mot 3.

«Først voterende uttalte her at det må legges til grunn at det foreligger et litterært verk, i så henseende må det tillegges de innhentede uttalelser fra sakkyndige vesentlig betydning. Det er i de siste årtier vist liberalitet i retning av større åpenhet, når det gjelder kjønnslivet og erotiske skildringer. Vel inneholder boken partier, som er egnet til å vekke - og også hos mange har vakt - forargelse. Dette har dog ikke vært avgjørende, i det det for å domfelle må kreves en krenkelse av kvalifisert grad. Boken går betenkelig langt, men avgjørende må det være at domstolene på dette området bør vise den ytterste tilbakeholdenhet, og, hvor det foreligger tvil, heller frifinne enn dømme.»

Den andre saka, Rt. 1959:431 vedkom Henry Millers «Sexus» som Høyesterett med 4 stemmer mot 1 fant utuktig etter straffelova § 211 b.

«Først voterende la i første rekke vekt på de overordentlige krasse, utfordrende og detaljerte skildringer i boken av kjønnslige promiscuitet og annen seksuell adferd. Høyesterettsjustitiarius Terje Wold - som for øvrig sluttet seg til først voterende - føyer til dennes votum et utførlig særvotum, inneholdende prinsipielle betraktninger over straffelovens stilling til litteraturen.

Det er sagt i dette særvotum m.a.:

«Det sier seg imidlertid selv at skal samfunnet utvikle seg og gå frem, må vi kjenne sannheten om det samfunn vi lever i og om menneskene. Vi må tåle å høre sannheten - også sannheten på det seksuelle område - hvor frastøtende og motbydelig den enn kan være. Det er vel også en menneskelig erkjennelse at vi meget lett føler oss krenket når vi hører om seksuell atferd som er oss fremmed. Derfor må det vises den største varsomhet når det er spørsmål om å stemple et trykt skrift som utuktig - spesielt når det gjelder et skrift som har litterær verdi. Ut tilbørighets- eller utuktsbegrepet må ikke gis en slik utforming eller et slikt innhold at man dermed gjør inngrep i den dikteriske frihet til å skildre menneskenes forhold også på det seksuelle område. Det er et uttrykk for denne målestokk når det kreves at det må foreligge en kvalifisert grad av krenkelse, at det må være utvilsomt at skriftet er utuktig.

Jeg har villet nevne dette for å få frem den rimelige målestokk som må anvendes ved avgjørelsen av om utuktig skrift foreligger. Det er med denne målestokk jeg likevel finner at «Sexus» rammes av loven.

Ytrings- og trykkefrihet uten noen som helst begrensning er ikke og kan ikke gjennomføres i noe land. Det er over alt nødvendig å ha bestemmelser om den utilbørlige bruk av disse menneskerettigheter . . .

Rettsikkerhetsgarantien på dette område ligger først og fremst i at det er domstolene som i siste instans foretar den avveining som er nødvendig. Det er domstolenes oppgave gjennom den vurdering som foretas i hver sak å trygge ytrings- og trykkefriheten, men samtidig påse at disse grunnleggende rettigheter ikke brukes på en utilbørlig måte.

I sin praksis bør imidlertid påtalemyndighet og domstoler også ha seg klart for øye den menneskelige sannhet at straff og beslag neppe i seg selv er noe tjenlig middel til å bekjempe utuktige skrifers utbredelse. Særlig gjelder dette dersom fordømmelsen av skriftet ikke er fast forankret i en sikker oppfatning i samfunnet.»

Kor langt ein eventuell litterær eller kunstnerisk verdi i dag legitimerar eit verk som elles ville blitt rekna for utuktig, kan det ikkje seiast noe sikkert om. Men med den fridom som etter kvart er blitt anerkjent for litteratur og kunst, er området for straffbar kunstnerisk pornografi blitt vesentleg innskrenka i høve til tidlegare tider, kanskje enda i høve til dei refererte dommar.

2.4.3. Straffeutmålinga

Den alminnelige strafferamma etter straffelova § 211 er fengsel inntil 2 år for forsettleg brot (1. leden) og bøter eller fengsel inntil 6 månader for uaktsomt brot mot § 211 (2. leden).

Rettspraksis viser at sanksjonane er milde sett i høve til maksimumsstraffen.

Ubetainga fridomsstraff er bare blitt nytta i unntakstilfelle, jf. t.eks. Rt. 1979:1418. Det går fram av premissa til denne domen at ubetainga fengsel blei brukt fordi «verken dommen eller påtalemyndighetens anke for å få skjerpet bøtestrafen synes å ha hatt noen virkning på omfanget av domfeltes virksomhet».

Disse medlemmer har overveiet å formulere et unntak for kjønnslike skildringer som har kunstnerisk, vitenskapelig eller opplysningsmessig verdi. Slike skildringer bør som den alt overveiende hovedregel ikke kunne medføre straffeansvar. Hensynet til den kunstneriske frihet til å velge uttrykksform og til å skildre menneskenes forhold også på det seksuelle område, må her veie tungt, jf. drøftelsen ovenfor avsnitt 3.4 Disse medlemmer har imidlertid funnet det tilstrekkelig at det anføres i forarbeidene til lovforslaget.

Videre bemerkes at lovforslaget ikke har begrenset det straffbare område til kjønnslike skildringer hvis utbredelse er ledd i en ervervsmessig virksomhet.

I lovforslagets tredje ledd gjøres det klart at også medvirkning til utbredelse av ulovlig pornografi, herunder uaktsom medvirkning, er straffbar. Alle som har deltatt i produksjonen og distribusjonen av det ulovlige materialet vil derfor kunne straffes etter § 211. Det vil bl.a. bety at annonsører kan straffes såfremt de har eller burde ha kjennskap til det annonserte materialets ulovlige karakter. Det samme gjelder den ansvarlige utgiver av blader og aviser som inneholder annonser som reklamerer for straffbar pornografi. Det er en kjensgjerning at noe av den mest anstøtelige pornografi i dag utbredes gjennom annonsering.

Om straffutmålingen etter lovforslagets siste ledd vises til avsnitt 3.5 s. 25 flg. Ved utmåling av bot skal det foruten til den økonomiske vinning som lovbrøyteren har hatt tas særlig hensyn til den generalpreventive virkning som en høy bot må antas å ha.

4. MERKNADER FRA HØYRES MEDLEMMER I KOMITEEN

Høyres medlemmer i komiteen, Apenes, Austad og Borge, har det syn at det i og for seg ikke er noe i veien med någjeldende lov, ut fra den betraktning at den klart rammer det det er bred enighet om at en lovbestemmelse på dette område bør ramme. Disse medlemmer mener at det er håndhevelsen av loven som har vært for passiv, dels på grunn av den særskilte påtalebestemmelsen i § 211, dels på grunn av tungvinte beslagregler, og dels også pga politiets ressurssituasjon.

Disse medlemmer er imidlertid åpne for en mer hensiktsmessig utforming av någjeldende lovtekst, men vil sterkt understreke at dette arbeid bør skje på den normale og mest forsvarlige framgangsmåte i lovsaker. Behovet for grundig arbeid er desto større ved at man her har å gjøre med et særdeles komplisert og også ømfintlig område av straffeloven.

Disse medlemmer vil peke på at justisministeren i brev av 8. februar 1984 ga Straffelovrådet i oppdrag «å utrede og komme med forslag til bestemmelser som retter seg mot forskjellige typer pornografiske skildringer og bruk av slike skildringer». Det var disse medlemmers syn at det private lovforslaget fra Arbeiderpartiet burde vært oversendt Straffelovrådet for en nærmere vurdering i forbindelse med det mandat som Rådet hadde fått.

Straffelovrådets innstilling «Pornografi og straff» ble avgitt 12. mars 1985 og er et meget grundig og innsiktsfullt arbeid som vil være særdeles nyttig og avklarende for det videre arbeid med saken. Innstillingen inneholder ulike alternativer til lovformulering og bestemmelser angående håndhevelsen av loven. Den er nå sendt ut til høring, og det er Justisdepartementets hensikt å fremme lovforslag med bakgrunn i innstillingen og høringsuttalelsene. Ut fra hensynet til vanlig saksgang og det særlige behov for grundig behandling på dette område, ønsker disse medlemmer å avvente en proposisjon fra Regjeringen, og vil fremme følgende forslag:

«Saken tilbakesendes justiskomiteen for ny behandling sammen med den proposisjon som vil bli fremmet av Regjeringen.»

5. MERKNADER FRÅ KRISTELEG FOLKEPARTI OG SENTERPARTIET SINE MEDLEMER I KOMITEEN

5.1 Innleiing

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet, Sønstebø og S. Helland, er samd i at det på grunnlag av den store auken i spreidinga av grove pornografiske blad og filmar vi har sett dei seinare åra, i høg grad er behov for ei endring av straffelova § 211. Desse medlemmer er samd i intensjonane bak lovutkastet frå Arbeiderpartiet, men kan ikkje støtte framlegget i alle delar. Desse medlemmer har derfor funne det rett å utforme eit eige lovframlegg som er tatt inn i innstillinga punkt 5.8 med merknader under punkt 5.9.

5.2 Drøftingar i Stortinget m.v.

Også i første åra like etter siste krig synest det vera ein sterk auke i spreidinga av blad som i tekst og bilder måtte reknast som uanstendige. Dei blei spreidd i fjerne avkrokar og hos mange landhandlarar. Frå mange hald var det frykt for utviklinga og stilla krav til styresmaktene for å få til bekjemping av desse blada. Organisasjonen Kristelig Folkeopplysning retta seg hausten 1955 til kommunestyra i landet om støtte for ein opinion mot pornografien. Det førde med seg brei støtte.

Liknande henstillingar blei retta til myndighetane frå ei rekke menighetsråd, skolestyrer, gymnassamfunn og andre organisasjonar. Hausten 1952 skreiv biskopane i landet til Justisdepartementet om det same.

1. Den 26. november 1952 stilte representanten Svarstad fylgjande spørsmål til justisministeren:

«Ville det ikkje, ut frå den veksande og harde folkedom over dei pornografiske bladi, og at spørsmålet fleire gonger har vore føre i Stortinget, vere rimeleg at departementet sette ned ei nemnd som kunne granske dette spørsmål og kome med eit framlegg som kunne føre til eit positivt resultat i denne alvorlege sak?»

Daverande justisminister svara på spørsmålet og sa han rekna gjeldande straffereglar for å vera tilstrekkelege.

2. Den 3. mars 1954 blei fylgjande interpellasjon reist i Stortinget til Regjeringa av representanten Wikborg:

«Vil Regjeringen foreslå eller fremme tiltak for å beskytte barn mot dårlige tegneserier, gangsterfilm og lignende nedbrytende foreteelser?»

3. Den 26. oktober 1955 reiste representanten Wirstad fylgjande interpellasjon til Regjeringa:

«Er Regjeringen merksam på utgivelsen av en viss type ukeblad og magasiner som ved sitt innhold, f.eks. av seksuell, kriminell og sadistisk art, har en uheldig innflytelse, spesielt for barn og ungdom?»

Kan Regjeringen gjennom lovgivning eller på annen måte fremme tiltak som tar sikte på å begrense den skadelige virkning fra disse publikasjoner?»

Daverande justisminister Hauge svara at det nå ville bli tatt skritt til å vurdere ei viss skjerping av gjeldande straffereglar.

Daverande justisminister Kai Knudsen visa i sitt svar til Grunnlova § 100 og vidare at det var mogeleg å gje straffereglar med sikte på å ramme dei verste utvekstar. Han sa vidare at det måtte vurderast nøye, men trudde det ville bli vanskeleg å gi straffereglar som kunne ha praktisk verdi.

Regjeringa ba Straffelovrådet den 28. oktober 1955 å greie ut denne saka. Straffelovrådet si utgreiing låg føre den 24. juni 1957 og da med framlegg til ny lovtekst i straffelova § 211.

Dette lovframlegg blei ikkje tatt opp av Regjeringa og har seinare heller ikkje kome til Stortinget.

Seinare har spørsmål i samband med dette fleire gonger vore oppe i Stortinget.

Den 14. oktober 1959 stilte representanten Hans Ommedal spørsmål til kyrkje- og undervisningsministeren om verknaden av omhandla utuktig og uanstendig litteratur.

Den 3. februar 1960 stilte representanten Trond Wirstad spørsmål til justisministeren om pornografiparagrafen.

Interpellasjon blei så reist av representanten Lars Korvald den 23. november 1966 med fylgjande ordlyd:

«Bølgen av pornografiske skrifter viser en sterk tendens til stigning, dels ved produksjon her i landet, dels ved økende import fra andre land.

Hva kan gjøres gjennom vårt rettsvesen eller på annen måte for å demme opp for denne bølgen?»

Det var statsråd Elisabeth Schweigaard Selmer som svara på interpellasjonen og den var først lagt fram for Riksadvokaten og hans svar blei referert. Statsråden konkludera med at det foreløpig var rimeleg å vente på standpunkt frå lovgjevande myndigheter i Danmark og Sverige som bære ramma av «pornobølga» og kraftigare enn Norge.

Ny interpellasjon blei tatt opp av representanten Kjell Magne Bondevik den 25. oktober 1974 med denne ordlyd:

«I film, bøker og blader, særlig i såkalt «Kiosk-litteratur», er det ofte grove skildringer når det gjelder vold og porno som synes å være motivert ut fra profittinteresser.

Overveier Regjeringen tiltak for å stanse eller motvirke disse spekulative krefter?»

Der kom fram samstemmig kritikk frå alle som hadde ordet i denne debatten, men justisminister Inger Louise Valle nemnde bare eit par verkemiddel for å få til avgrensning i omsetnaden. Interpellanten Bondevik sette fram forslag som mellom anna gjekk ut på å legge fram Straffelovrådet sitt framlegg frå 24. juni 1957 for Stortinget.

Etter det kom heller ikkje noko framlegg til endring i straffelova og 16. januar 1980 reiste representanten Erland Asdahl interpellasjon til justisministeren med denne ordlyd:

«Det framgår av flere politirapporter at pornografi har gitt impulser til kriminelle handlinger. Sammenhengen mellom sex, narkotika og grovere forbrytelser blir stadig dokumentert. Til tross for dette markedsføres blader som med basis i profittinteresser spekulerer i sex og vold.

Vil departementet ta initiativ til at politiet settes i stand til effektivt å håndheve loven, slik at denne uheldige utvikling stoppes og kriminalitet forebygges?»

Statsråd Andreas Cappelen nemnde i sitt svar at det neppe let seg gjera å fylgje lova heilt opp med dei ressursar politiet har og han visa til uttale frå Riksadvokaten som har uttrykt tvil om det reint kriminalpolitisk er ynskjeleg å skjerpe eller auke omfanget av handhevinga.

Det blei omfattande debatt med sterk støtte til interpellanten. Det reiste seg nokre røster som var tvilande til sammenhengen mellom sexblad og kriminalitet.

Den 12. juni 1980 fremma representantene Ambjørgh Sælthun og Kjell Magne Bondevik eit framlegg til endring av straffelova § 211 som lydde slik:

«Med bøter eller fengsel inntil 6 måneder straffes den som utgir eller omsetter skrifter eller bilder som fortrinnsvis er beregnet på barn eller ungdom, og inneholder voldsskildringer som er grovt anstøtelige, når formålet hovedsakelig antas å være økonomisk utnyttelse av interesse for vold eller kriminalitet.

Påtale finner bare sted når det kreves av almene hensyn.»

Justisdepartementet uttala i denne samanheng at framlegget var interessant, men at saka var så komplisert at den måtte utgreiast. Justiskomiteen gjorde framlegg i Innst. O. nr. 28 for 1980-81 at saka blei oversend Regjeringa og ba i merknadene om at saka blei handsama raskt.

5.3 Behovet for skjerping av § 211

Framstillinga framanfor viser at spørsmål om skjerping av straffelova § 211 har vore reist ei rekke gonger. Trass i sterke oppmødingar frå mange hald har det ikkje blitt noko lovendring. Dette er hovedgrunnen til at desse medlemene nå tek sikte på å få til ei endring i denne lovregelen med grunnlag i det framlegg som er til handsaming.

I Straffelovrådet si utgreiing av 24. juni 1957 er referert frå Wikborg sin interpellasjon, og desse medlemmer har merka seg at Wikborg viser til brot på menneskerettane og diskriminering og verkanden når det gjeld tendens til auke i brotsverk. Han uttaler m.a. fylgjande (s. 22 nederst og 23 øverst):

«... Mange av disse seriene - og det er alvorlig - bryter med respekten for menneskeverdet. De nedvurderer ofte kvinnen. Under tiden nedvurderer de også andre raser. Seriene er fylt av alle mulige redsler i form av brutalitet, tortur, mord og mange slags forbrytelser. Enkelte serier framstiller til og med krøplinger, vanskapede og fargede folk som særlig forbryterske. Tortur og sadisme preger ofte disse seriene. En serie har detaljert anvisning på hvordan en mann henges - med nærbilder for at man ikke skal gå glipp av noen interessant detalj. En tegneserie, som jeg har sett, viser hvordan man skal sette en bil i brann ved å koble om elektriske ledninger.»

Etter desse medlemmer si oppfatning er dette for bagatellar å rekne, samanlikna med det som nå blir lagt fram i bilde og blad, og i tillegg kjem videogram av grovaste slaget.

Desse medlemmer har merka seg den grundige vurdering som Straffelovrådet har gjort og behovet som dei ser for å få nye lovreglar.

I grunnlegginga blir også her vist til dei mange uttrykk for forakten for menneskeverdet, rasediskriminering og utnyttning av kvinna som kjønnsobjekt som ein finn i pornografien. Elles er også dette med spekulasjonar i å tene pengar sterkt framheva.

Desse medlemmer har merka seg at det i samband med framlegget til lovendring er peika på at grensene er flytta og at det førekjem stadig verre døme på utnytting av menneske og med tilsvarende uttrykk for menneskeforakt. Dette har også desse medlemmer konstatert og likeså at dette nå ikkje bare omfattar bøker og blad.

Men det som får enda større skadeverknader, er den aukande grad av grove innslag i videofilmar. Desse medlemmer ser det som skræmmande at profittinteressene skal få lov til å nytte seg av grovt anstøteleg pornografi, og da også i samband med vald, som i stadig større grad blir underhaldning for barn og ungdom.

Desse medlemmer er merksam på at den såkalte pornografiparagrafen er gamal, og det er tid for endring. Det har det vore lenge, men av det som er nemnt før, har det vist seg liten vilje til endring. Nå har kvinnene vakna, og mange fleire, som debatten i avisene i den seinare tid har vist. Dette har også ført til mange skriv og resolusjonar til justiskomiteen. Etter desse medlemmer si oppfatning må det nå bli endring i lovreglane, slik at det kan bli mogeleg å halde borte det verste av det som blir bode fram i blad, tidskrift og videofilmar. Desse medlemmer viser til at det private lovframlegget tek inn i lovteksten barne-, valds-, dyre- og sadistisk pornografi. Etter desse medlemmer si oppfatning er dette mellom dei utslag som har vore grunnlaget for handheving av någjeldande lov, men det kan vera nyttig å få nemnt det klart i lovteksten.

Etter desse medlemmer si meining må lova utformast slik at det også let seg gjera å få bort den sterke kvinnediskriminering som pregar store delar av skildringane. Kvinna blir framstelt som bare ein bruksgjenstand for mannen, noko desse medlemmer meiner det må takast klar avstand frå. Vidare blir etter desse medlemmer si meining dette forsterka ved at det ofte er kombinert med vald og stundom også rasediskriminering.

Etter desse medlemmer si oppfatning er dette til stor skade for barn og ungdom, først ved at dei kan bli påverka til å foreta liknande handlingar som dei har sett framstilt. Dernest er det også med å skapa haldningar som vil bli til stor skade for heile samfunnet og komande generasjonar.

5.4 Krenking av moral og sedelegheit

Av førearbeida til straffelova av 1902 går fram at § 211 sitt føremål var å verne om samfunnet sin seksualmoral. Normale menneske sin «sedelighetsfølelse» blei etter den rådande oppfatning rekna som krenkt ved at

«intime anliggender stilles frem til offentlig skue for skuets egen skyld», jf. kommisjonsinnstillinga s. 193.

Dei moralske vurderingar og terskelen for det som er anstøteleg i samfunnet til framvising og distribusjon, har visa seg å endre betydeleg karakter i dette hundreåret. Det same er tilfelle med grovleiksgraden av dei utuktige framstillingar som blir spreidd på marknaden.

I samband med den moralske og etiske grunngjevinga for straffeansvar for det utuktige går det inn to hovedspørsmål. For det første er det ynskje om at straffa skal hjelpe til å oppretthalde samfunnet sin seksualmoral. For det andre at straffa skal motverke at folk sin sedelegheits- og bluferdighetskjenle blir krenka av dei utuktige framstillingar.

I samband med det første spørsmålet er det også aktuelt å vurdere skadeverknad på einskildpersonar, særleg barn og unge.

Etter desse medlemmer si oppfatning er det ingen grunn til å tvile på at breie krinsar i det norske folk også i dag reknar blottlegging av seksuelle tilhøve ved kjønnslege skildringar i skrift og bilder som forkasteleg og umoralsk. Desse medlemmer meiner at den pågangen det har vore i seinare tid for å få bort mest mogeleg av dette, viser at det er ein brei folkeopinion som nå ynskjer at noko blir gjort, og at distributørane har gått for langt i spreinga av pornografiske framstillingar.

Desse medlemmer har også merka seg at sakkunnskapen nesten samstemming går inn for at det må vera samfunnet sin rett ved hjelp av straffereglar å oppretthalde moralske prinsipp som det store fleirtal i folket støttar.

Etter desse medlemmer si oppfatning er det ikkje så enkelt at moralske prinsipp kan haldast oppe bare med straffereglar, men det er eitt av fleire middel. Her må ein også vera klar over at moralsk utgliding kan føre med seg skadeverknader, og da særleg for barn og ungdom. Desse medlemmer er merksam på at det ikkje kan koma på tale med straff for alle handlingar som rammar andre på ein ubehageleg måte.

Etter desse medlemmer si oppfatning må samfunnspolitiske og normative prinsipp opne for moralske og etiske vurderingar. Og vidare at skade ikkje kan avgrensaast til fysiske krenkingar av liv, fridom og eigedom. Her kjem også inn skade på andre sitt kjensleliv. At skaden som kan påførast kjenslelivet bør bli påtala gjennom straffereglar, er forlengst godkjent i norsk straffelovgjeving. Desse medlemmer konstaterar at dei kjensler som krenkast av kjønnslege fram-

stillingar, og den reaksjon som melder seg hos dei som tek fråstand frå skildringane som regel har sitt utspring i grunnleggjande etiske haldningar og moraloppfatningar.

Desse medlemmer vil uttale at det er ei kjenslgjerning at desse kjensler er tilstades i store delar av folket og er djupt forankra i vår religion og sosialetikk. Etter desse medlemmer si meining bør dei som dette gjeld - sjølv om ikkje alle er samde - ha krav på vern der det ikkje ligg føre tungtvegande innvendingar. Desse medlemmer vil også uttale at straff for utuktige framstillingar bør sidestillast med andre handlingar som er straffbare vesentleg fordi dei strir mot rådande moraloppfatningar. Det er nok å vise til brotsverk som incest og bigami.

Eit anna spørsmål er kor langt ein bør gå i kriminalisering, for å verna om rådande moraletiske haldningar. Desse medlemmar er innforstått med at det ikkje er mogeleg å trekke heilt klare grenser, og såleis må det stå opp til retten å trekke dei nærare grenser. Likevel vil desse medlemmer få uttale som sin oppfatning at rettspraksis har visa at begrepet utuktig som står i lova i dag, eigentleg bare har ført til straffereaksjon for det som nå blir foreslått inntatt i lova: grovare kjønnslege skildringar med bruk av barn, dyr, vald og sadisme.

Desse medlemmer er av den oppfatning at begrepet utuktig også omfattar langt meir av anstøtelege kjønnslege framstillingar. Her må den vekt ein legg på dei etisk/moralske synspunkt avvegast noko i høve til folk sin rett til å velje.

Desse medlemmene vil få streke under at det som først og fremst må rammast er spreing og offentleggjering.

Med bakgrunn i det som her er sagt, meiner desse medlemmer at det fortsatt er nødvendig å ha med uttrykket utuktig, slik det står i lovparagrafen punkta a, b og c i dag. Desse medlemmer meiner at det kan skape vanskar i lovtolkinga om det blir ført inn ei anna nemning i den sentrale del av lovteksten. Etter desse medlemmer si oppfatning kan det føra til meir usikker lovtolking. Desse medlemmer vil også få nemne at uttrykket utuktig står heilt sentralt og er nytta i dei aller fleste paragrafane i sedeleg-hetskapitlet i straffelova.

5.5 Krenking av menneskeverd og kjønnsdiskriminering

Det er vel kjent at det er krinsar i folket som reknar pornografiske framstillingar som ei offentleg tilsmussing av viktige livsverdiar, som vedrører menneska sitt kjærleiks-

liv. Desse medlemmer ser det som riktig også å gje straffereglar som tek sikte på å sikre slike livsverdiar i samfunnet. Desse medlemmer har mange høringsfråsegner og skriv frå eit breitt spekter av kvinneorganisasjonar og einskildpersonar som framstiller pornografiindustrien som «kvinnediskriminerande», «kvinneforakt», «spekulasjon i vold og menneskefordreelse» m.v.

Etter desse medlemmer si oppfatning er det den nedverdige og audmjukande måten som pornografien framstiller menneske på og da særleg kvinner, som det blir reagert sterkt på hos mange, ut frå verdihaldningar og deira syn på menneskeverdet.

Desse medlemmer sitt ynskje er at denne lovparagrafen skal femne vidare enn det som er tilfelle i dag og har derfor gjort framlegg om tillegg, der det går fram at lova også skal omfatte kjønnslege skildringar som er eigna til å verke nedverdige, støtande og krenkande. Med det meiner desse medlemmer å koma til livs dei sterkt kjønnsdiskriminerande framstillingar i tekst og bilder og som i mange tilfelle framstiller kvinna som ein bruksgjenstand for menn. Dette er i høgaste grad menneskeleg nedverdige og desse medlemmer meiner at ei slik nedvurdering av kvinna ikkje må tolast.

Desse medlemmer meiner også det er grunn til å få stoppa denne spreing av bilder og skildringar avdi det synest vera bare profittinteresser som ligg bak utan tanke på den skadeverknad dette har. Ut frå einsidige profittmotiv har norske pornoforhandlarar gjennom mange år bygd opp store kjeder for pornografiomsetnad i inn- og utland, gjennom ei lyssky verksemd i strid med norsk lov. Ein del av denne verksemda har blitt ramma av lova og dei ansvarlege domfelte. Likevel har det til nå vore svært vanskeleg å få bukt med denne verksemda fullt ut, og desse medlemmer ser det som avgjerande at ein gjennom den lovrevisjon som nå skal gjerast, får sett ein effektiv stoppar for dette uvesenet. Men desse medlemmer meiner at det ikkje kan motverkast bare med straffereglar. Det er ei kjenslgjerning at store delar av dette materialet blir importert frå utlandet, og desse medlemmer meiner derfor at det er nødvendig med strenge importrestriksjonar. Det må regulerast på ein slik måte at politi og tollvesen kan føra ein effektiv kontroll.

5.6 Haldningsskapande verknad

Enkelte høringsutsegner til komiteen har nemnt at pornografien motarbeider det opp-
edningsarbeid som skole og foreldre utfører.

Desse medlemmer deler denne oppfatninga. Desse medlemmer forstår godt at foreldra ønskjer å påverka og prege karakterutviklinga til barnet. Dei har derfor eit rimeleg krav på at samfunnet motverkar utbreiing av pornografiske framstillingar som er eigna til å gi barn og unge eit urealistisk og forvrengt inntrykk av tilhøvet mellom kjønna. Det er all grunn til å rekna med at pornografien kan påføra dei unge slike skadeverknader.

5.7 Innstillinga frå Straffelovrådet om pornografi og straff

Denne innstillinga, som er dagsett 12. mars 1985 blei overlevert Justisdepartementet dagen etter. Medlemene Helland og Sønstebø vil gje uttrykk for at det er eit grundig og innsiktsfullt arbeid Straffelovrådet har gjort i si innstilling «Pornografi og straff». Desse medlemene har funne denne utgreiinga nyttig og avklarande for det vidare arbeidet med saka, både når det gjeld dei ulike alternativ til lovformulering og det som er tatt med om handheving m.v.

Desse medlemmer vil nemne at det har vore noko ulikt syn på någjeldande straffelov § 211. Einskilde har vore av den meining at någjeldande lov har vore god nok. Desse medlemmer er klar over at handhevinga av denne lovregelen har vore altfor passiv. I arbeidet med det private lovforslaget har målsettinga vore å få til ei lovformulering som totalt sett ikkje ville verke liberaliserande i høvet til någjeldande § 211 og som samstundes kunne gje klårare heimel for straffetiltak mot dei grovare former for pornografi. Desse medlemmer har sett det som viktig og verdfullt å få med i vurderingsgrunnlaget utgreiinga frå Straffelovrådet, og har likeså sett det verdfullt å få departementet si utsegn om utgreiinga.

Desse medlemmer er av den meining at dei prinsipp som fleirtalet i Straffelovrådet legg til grunn ikkje heilt samsvarar med den rettsoppfatning som i dag rår i samfunnet når det gjeld pornografi. Dette kan ikkje - desse medlemmer vera med på, og vil peika på at det må vera grunn til å rekna med at mykje av den pornografien som i dag blir omsett, framleis ville ha blitt tillaten, og bare underkasta eit utstillingsforbod, slik som fleirtalet i Straffelovrådet gjer framlegg om. Desse medlemmer kan ikkje gå inn for eit framlegg med slike konsekvensar og med den grunngjeving framlegget har fått.

Desse medlemmer meiner det framleis bør ligge ei allmenn-moralsk grunngjeving om krenking av anstendighetskjensle til grunn for lova. Ei vurdering av skadeverknader

der eller fare for dette bør koma i tillegg, og ikkje vera den einaste grunngjevinga for straffebod.

Fleirtalet i Straffelovrådet forklarar uttrykket «pornografisk» som kjønnslege skildringar der det blir gjort bruk av barn, lik, dyr, vald og tvang og liknande grove kjønnskildringar. Med liknande grove kjønnskildringar er sikta til skildringar som på grunn av sin grovleik eller sterke avvikande tendens kan likestillast med dei som er lista opp. Som døme er nemnde «kadaver- og ekskrementsex».

Desse medlemmer oppfattar denne framstillinga slik at fleirtalet i Straffelovrådet meiner bare dei aller grovaste kjønnslege framstillingar skal vera straffbare, anten åleine eller i samband med valdsinnslag. - Desse medlemmer kan ikkje forstå dette på annan måte enn at det etter fleirtalet sitt framlegg bare blir det aller grovaste som blir straffbart og som det skal reagerast mot.

Vidare har desse medlemmer merka seg at fleirtalet har fokusert sterkt på den skadeverknad som pornografien har som fylgje. Der er peika på risikoen for at dei menneske - særleg barn og unge - som kjem i kontakt med slikt materiale, kan få heile si innstilling til seksuallivet forkvakla og dermed lide varig skade av pornografiens verknader.

Desse medlemmer seier seg samd i det som fleirtalet i Straffelovrådet har gjeve uttrykk for må leggast avgjerande vekt på ved vurdering av skadeverknaden. Desse medlemmer meiner at slike grove framstillingar er å rekne som skadelege, og da særleg for barn og ungdom, og at dei såleis må vera totalt forbode. Desse medlemmer er av den oppfatning at straffereglane må gå vidare enn det som fleirtalet i Straffelovrådet vil ha belagt med straff. Desse medlemmer meiner at også framstilling og vising av det som i Straffelovrådet si framstilling er betikna som skildringar av «alminnelig seksuell aktivitet» må vera underlagt straff, og at det også er straffbart etter straffelova § 211 slik den lyder i dag.

Desse medlemmer meiner at formen for seksuell aktivitet som ofte blir nemnd som «myk pornografi» omfattar mange skildringar som etter desse medlemmer si meining ikkje høyrer heime under omgrepet alminnelig seksuell aktivitet. I utgreiinga er det også sagt at mesteparten av pornografien som blir seld i dag - om ein ser bort frå «pin-up»-bilder - inneheld skildringar av det som av rådet blir kalla «alminnelig seksuell aktivitet».

Desse medlemmer har også merka seg at Straffelovrådet uttrykkeleg seier at ein del

av slike skildringar i dag utvilsamt ville bli ramma av straffelova § 211. Her er det sjølv-sagt viktig korleis materialet trer fram i ei heilskapsvurdering for domstolane. Desse medlemmer kan ikkje godta ein lovregel som ville føra til at mesteparten av den såkalla «mykpornoen», herunder da også mykje av det som framstiller kvinna som bare ein bruksgjenstand for menn ville bli legalisert. Desse medlemmer vil peika på at det her også er visa til avgjerder i Høgsterett frå 1978 og frå 1984 som gjeld handlingar/framstillingar som er straffbare etter någjeldande § 211.

Desse medlemmer må seia seg samd med mindretalet i Straffelovrådet, som finn det betenkeleg ikkje minst ut frå skadeverknadssynspunkt å fastlegge som hovedregel at det ikkje bør vera straffbart å spreie pornografi som skildrar «alminnelig seksuell aktivitet».

Desse medlemmer finn også grunn for å nemne det mindretalet peikar på av døme på alminneleg seksuell aktivitet, særleg frå bildeblad og fotoseriar som kan brukast til å lokke barn til seksuelle handlingar med vaksne. Der er vidare nemnt at det særleg gjeld menn som søker omgang med mindreårige gutar - deira vaknande kjønnsdrift kan lett la seg tenne på denne måten.

Desse medlemmer ser også faren med spreinga av slike framstillingar, som derved lett kan koma mindre barn i hende. Det vil også kunne vera til skade for mindre barn som sjølv sagt ikkje har nådd mogningsgrad for framstillingar som elles kan vera naturlege for vaksne.

Desse medlemmer seier seg også samd med mindretalet i at straff ikkje er spesielt eigna til å fremme moral, men meiner likevel at fleirtalet sitt standpunkt med omsyn til «mykporno» vil føre med seg ei liberalisering som vil vera uakseptabel for store grupper av folket. Dette gjeld enten det er bygt på etiske, estetiske eller religiøse haldningar.

Desse medlemmer har merka seg at mindretalet si utsegn om at sjølv om nemninga «utuktig» i gjeldande lovbod kan verke gamalmodig, synest ikkje dette å vera tilstrekkeleg grunn for å byte det ut med «pornografisk». Her er å nemne at det er bruka i alle dei andre straffebed i sedeleghetskapitlet i straffelova, og dertil har rettspraksis i seinare år gjeve utuktsbegrepet i relasjon til § 211 eit innhald som desse medlemmer meiner bør stå ved lag. Desse medlemmer meiner vidare at den nye nemninga vil føre til at domstolane truleg måtte gå ein ny rundel for ei grensedragnings.

Desse medlemmer er av den oppfatning

at mindretalet sitt framlegg om å halde på nemninga utuktig har domspraksis å rette seg etter. Desse medlemmer meiner vidare at det er aktuelt med nærare vurdering og strengare reaksjon overfor den grovare pornografi som blir uttrykt i lova. Dette må og koma klårt til uttrykk i lovteksten.

5.8 Lovframlegg

Desse medlemmer meiner at det er gode grunnar for å endre straffelova § 211 slik at det kan bli mogeleg å få bort den skadelege pornografien som er i omsetnad. Desse medlemmer viser til det som tidlegare er sagt i innstillinga om utviklinga i dette hundreåret og til det som er tatt inn frå rettspraksis, utgreiingar og undersøkingar som er gjennomført. I den samla vurdering har desse medlemmer også tått med Straffelovrådet si vurdering. Med bakgrunn i dette vil desse medlemmer gjera framlegg om endring av straffelova § 211 til å lyde:

«Med bøter eller fengsel inntil 2 år eller med begge deler straffes

- a) den som istandbringer offentlig forestilling eller utstilling av utuktig innhold,
- b) den som utgir, frembyr til salg eller leie eller på annen måte søker å utbre skrifter, bilder, film/videogram eller lignende,
- c) den som overlater utuktige skrifter, bilder, film/videogram og lignende til personer under 18 år.

Med utuktige skildringer menes i denne paragraf kjønnslige skildringer som virker støtende eller krenkende.

Ved straffeutmålingen legges det i skjerpende retning vekt på om det gjøres bruk av barn, dyr, vold eller tvang. Likeledes skal det legges vekt på om innholdet tilkjennegir forakt for eller et nedverdiggende syn på det ene kjønn.

Medvirkning straffes på samme måte.

Med bøter eller fengsel inntil 6 måneder eller med begge deler straffes den som av uakt-somhet foretar noen sådan handling som nevnt i denne paragraf.

På samme måte straffes den innehaver eller overordnede som forsettlig eller uakt-somt unnlater å hindre at det i en virksomhet blir foretatt handling som nevnt i denne paragraf.»

5.9 Spesielle merknader til lovframlegget

Som lovteksten viser gjer desse medlemmer framlegg om at strafferamma skal vera bøter eller fengsel inntil 2 år eller begge deler. I spørsmålet om bot, viser desse med-

lemer elles til Innst. O. nr. 24 for 1984-85. Elles held desse medlemer i hovudsak fast ved same innhaldet i første leden a, b og c som lova i dag har.

Desse medlemer meiner at det er kvinna som i dei aller fleste tilfelle er offeret i pornoindustrien og kvinna blir her utnytta på ein uverdig og nedverdiggande måte. - Desse medlemer er av den oppfatning at straffereaksjon etter tredje leden i paragrafen må vera strengare, for det må vera rimeleg at framstilling og omsetnad av den grovaste og mest nedverdiggande og mest støytande pornografien må straffast strengare.

Desse medlemer gjer også framlegg om at påtaloregelen som nå fastset at det bare er når allmene omsyn krev det at det skal reisast påtale, blir oppheva. Etter - desse medlemer si oppfatning synest nett-opp gjeldande påtaloregel vera den største svakhet ved lova i dag. Det har frå mange hald vore hevda at denne regelen er skuld i at handhevinga i praksis har vore så vidt svak. Så vidt desse medlemer forstår kan påtalemakta legge bort ei sak med merknad om at allmenne omsyn ikkje krev påtale utan å gje noko nærare grunngjeving for det. Desse medlemer forstår at det i ein situasjon med stort arbeidspress er lett å ta til ei slik avgjerd i desse sakene.

Desse medlemer har merka seg at Straffelovrådet også har gått inn for å oppheve denne påtaloregelen. Desse medlemer er klar over at slik endring i påtalekompetansen vil føre med seg langt fleire saker - iallfall i den første tida etter lovendringa. I denne samanheng ser desse medlemer det som positivt at det i Oslo er sett på 5 nye etterforskarar spesielt for desse sakene, men desse medlemer meiner at det blir behov for ytterlegare styrking om verk-naden av lovendringa skal bli slik desse medlemer meiner må vera føresetnaden.

Desse medlemer meiner at det ved utmåling av bot etter denne paragrafen i tillegg til det reint straffemessige må takast omsyn til om den som er sikta har hatt økonomisk vinning. Desse medlemer er av den oppfatning at den bota som blir ilagt må vera av slik storleik at det kan bli ein verkeleg straffereaksjon for den botlagte.

Desse medlemer vil vise til at Straffelovrådet har peika på at botlegginga i desse sakene har vore for låg, sjå elles Straffelovrådet si utgreiing «4.5. Bøtenivået».

5.10 Særmerknad frå komiteen sin medlem Sønstebø

Komiteen sin medlem Sønstebø vil for sin del uttale at han subsidiært vil røyste for det framlegg som er utforma av Arbeiderpartiet og Kristeleg Folkeparti.

6. FRAMLEGG FRÅ MINDRETAL

Framlegg nr. 1.

Framlegg frå komiteen sine medlemer Apenes, Austad og Borge:

«Saken tilbakesendes justiskomiteen for ny behandling sammen med den proposisjon som vil bli fremmet av Regjeringen.»

Framlegg nr. 2.

Framlegg frå komiteen sine medlemer S. Helland og Sønstebø:

Straffelova § 211 skal lyde:

«Med bøter eller med fengsel inntil 2 år eller med begge deler straffes

- a. den som istandbringer offentlig forestilling eller utstilling av utuktig innhold,
- b. den som utgir, frembyr til salg eller leie eller på annen måte søker å utbre utuktige skrifter, bilder, film/videogram eller lignende,
- c. den som overlater utuktige skrifter, bilder, film/videogram og lignende til personer under 18 år.

Med utuktige skildringer menes i denne paragraf kjønnslige skildringer som virker støtende eller krenkende.

Ved straffeutmålingen legges det i skjerpende retning vekt på om det gjøres bruk av barn, dyr, vold eller tvang. Likeledes skal det legges vekt på om innholdet tilkjennegir forakt for eller et nedverdiggende syn på det ene kjønn.

Medvirkning straffes på samme måte.

Med bøter eller fengsel inntil 6 måneder eller med begge deler straffes den som av uakt-somhet foretar noen sådan handling som nevnt i denne paragraf.

På samme måte straffes den innehaver eller overordnede som forsettlig eller uakt-somt unnlater å hindre at det i en virksomhet blir foretatt handling som nevnt i denne paragraf.»

Komiteen viser til at det ikkje er fleirtal for nokon av dei framlegga som er sette fram. I samsvar med vanleg praksis innstiller komiteen det framlegg som er sett fram av den største fraksjonen i komiteen.

Komiteen viser til dette og rår Odels-
tinget til å gjere slikt

vedtak til lov

om endring i straffelova
(§ 211 om pornografi).

I.

I straffelova 22. mai 1902 gjer ein følgjande
endring:

§ 211 skal lyde:

Med *bøter* eller med fengsel inntil 2 år eller
med begge deler straffes:

- a) den som holder offentlig foredrag eller
istandbringer offentlig forestilling eller
utstilling av utuktig eller pornografisk
innhold,
- b) den som utgir, frambyr til salg eller leie
eller på annen måte søker å utbre utukti-
ge eller pornografiske skrifter, bilder,
film, videogram eller liknende,
- c) den som overlater utuktige eller porno-
grafiske skrifter, bilder, film, videogram
og liknende til personer under 18 år.

*Med utuktige eller pornografiske skild-
ringer menes i denne paragraf kjønnslige
skildringer som virker støtende eller på an-
nen måte er egnet til å virke menneskelig
nedverdiggende eller forrående, herunder
kjønnslige skildringer med bruk av barn,
dyr, vold, tvang og sadisme.*

Medvirkning straffes på samme måte.

Med bøter eller fengsel inntil 6 måneder el-
ler begge deler straffes den som av uaktsom-
het foretar noen sådan handling som er
nevnt i denne paragraf.

På samme måte straffes den innehaver el-
ler overordnede som forsettlig eller av uakt-
somhet unnlater å hindre at det i en virk-
somhet blir foretatt handling som nevnt i
denne paragraf.

*Ved straffeutmålingen legges det i skjer-
pende retning vekt på om de utuktige eller
pornografiske skildringer omfatter bruk av
barn, dyr, vold, tvang og sadisme.*

II.

Lovendringa trer i kraft straks.

Oslo, i justiskomiteen, den 29. mars 1985.

Helen Bøsterud,
leder.

Jørgen Sønstebø,
ordfører.

Georg Apenes,
sekretær.